



Laurdag opnar Galleri G utstilling av den kjente kunstnaren Ørnulf Opdahl og Jazzverket spelar ved opninga. Også Vegard Døssland inngår i det stadig meir roste bandet og dei gjev også ein minikonsert på kaikanten etter sjølve seremonien.

Opdahl har vore læremeister for dronning Sonja og bileta hans vert til på Godøya ved Ålesund. Han har ein lang karriere bak seg som grafikar og etter 1990 har landskap vore dei dominerande motiva hans. Også i fjor stilte han ut i Rosendal, med Kjell Nupen og Dronninga som samarbeidspartnarar i Baroniet. Denne utstillinga står til 10. august.